



NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Landbruks- og matdepartementet
Landbrukspolitisk avdeling
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

| | |
|--------------------------|---------------|
| Landbruks- og matdep. | |
| Saksnr.: 200901347 | Doknr.: 17 |
| Mottatt: 04 MAR 2010 | |
| Saksbehandler: LP/SJ/ | Ark.: 513 |
| Kopier: | Avskrift: |

Deres ref.: 200901347/-HKL

Vår ref.: 281/OG0/6-2010/9222

Dato: 1. mars 2010

Høyring vedr. forslag om tilskudd ved tap i epleproduksjonen forårsaka av rognebærmøll

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har nokre merknadar og forslag til endring av ordninga.

Det er bra at det er opna erstatning ved tap ved skade av rognebærmøll etter att løyve til å sprøyta med Gusathion vart inndratt i 2006.

Litt tilbakeblikk.

Det som i praksis har skjedd er at bruken av plantevernmidlar har gått opp etter at ein har mista det beste middelet før ein har fått nye med like god verknad. No har ein heldigvis hatt lite og små angrep av rognebærmøll dei siste åra, men i 2009 til dømes vart det varsla moderat angrep og tilrådd sprøyting av heile feltet to gonger med Calypso. Dette er det einaste middelet som er tilgjengeleg, men med uklar og dårleg verknad på møll. Hadde ein hatt Gusathion, ville kun ei kantsprøyting av eplefelta løyst problemet og ca. 90% av feltet ville då vera usprøyt. Det har og vore aukande problem med viklar etter at Gusathion gjekk ut. Ein får håpa dei to nye midlane som skal utprøvast i år løyser problema.

Erstatningsordninga

Erstatningsordninga bør ta utgangspunkt i St. I eple etter norsk standard. Det er eple til komsum som det vert tap på og ikkje presseple. Det vil då ved totalskade utgjera ca. 80% av volumet.

St. I andelen må då også gå inni grunnlaget for D-K tilskotet og like eins fruktlagertilskotet på det som går via pakkemaskin. Detter er midlar som er løyvd og som ein normalt ville få ved sal i marknaden.

Fruktlagerinspektøren bør vera den som kontrollerar og godkjenner dei partia som kjem inn under ordninga. Han må og kunne avgjera om partia skal gå direkte til presseri eller om det skal gå via pakkemaskin på fruktlager for sortering før levering til pressing.

Erstatningssatsen bør ta utgangspunkt i målprisen for eple,
i 2009 kr 11,35 pr. kg. (Oppgjerspris 2009 Summerred, Aroma kr 12,36)

- grossist avanse 13% kr 1,48 = kr 9,87

Presspris var i 2009 kr 2,65

På presseple levert direkte er det eitt trekk på kr 0,80 og på eple gått via pakkemaskin kr 1,65

Spart frakt til grossist ca. kr 0,66 (satsar Hardanger Fjordfrukt)

Erstatningssatsen blir då:

Levert via fruktlager:

Kr 9,87 - (2,65- 1,65) - 0,66 = kr 8,21

Levert direkte presseri:

Kr 9,87 - (2,65-0,80) - 0,66 = kr 7,56

Ein kan kun akseptera opptil 20% eigenandel sidan det no er tatt omsyn til at det er St. I og ikkje heile avlinga inklusiv presseple. Det vil og i dei fleste høve vera meir arbeidskrevjande å driva innhausting med rognebærmøllskade i hagen.

Fruktlagera vert no forholdsvis lite økonomisk belasta med dette forslaget når dei får St. I andelen med i grunnlaget for fruktlagertilskot.

Søknadsfrist bør tilpassast produksjonsstilskottet 20. jan. Då har fruktlagra klart full oversikt over pakkresultatet og grunnlaget for søknaden av DK- tilskottet.

Vennlig hilsen


Olaf Godli
Generalsekretær

Øystein Pugerud (s)
Fruktdyrkar i Hardanger